



Per Fausk og Kjell Tungesvik med gamle bilen som nå vert pensjonert

Det er klokka 12 imorgon branntroppen i Uskedalen presenterar ein renovert stasjon og ein opprusta brannbil etter stor personleg innsats.

Leiinga for brannvernet i kommunen vil markera det på ein høgtideleg måte og det vert servert kaffi og kaker, 900 dugnadstimar ligg bak prosjektet som mange har ein andel i.

Det er ein stor dag ikkje berre for Uskedalen, men også før Herøysund og andre stader i kommunen som vil få hjelp hvis det vert brann.

Med dette håpar både brannfolka og andre at troppen ikkje meir skal verta truga av nedleggjing.

Brannbilen som heretter skal gjera teneste er førebels ikkje synt fram, men også den er raud, får vi veta. Den har plass til 3 400 liter sløkkjevatt som kan bety mykje i ein kritisk situasjon når varmen kjem laus.

Av Ola Matti Mathisen